



## Møteprotokoll for Formannskapet

**Møtedato:** 16.03.2016

**Møtestad:** Kommunehuset

**Møtetid:** 12:00 - 15:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Karstein Totland	H	Ordførar
Torill Torsvik Størkersen	AP	Varaordførar
Siri Tangedal Kratzmeier	Krf	Medlem
Geir Egil Haugsvær	Sp	Medlem

Forfall meldt frå medlem	Parti	Rolle
Frode Langhelle	H	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Parti	Erstatter medlem
Janne Judith K. Sandnes	Frp	Frode Langhelle

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen, ass rådmann Sveinung Toft (til sak 28, 29, 32 og 33) og rådgjevar Anne Kristin Rafoss som førte møteboka.

---

## **Sakliste**

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
028/2016	Godkjenning av innkalling og sakliste
029/2016	Godkjenning av møtebok
030/2016	Intensjonsavtale for ny kommune - Nordhordland kommune
031/2016	Kommunereform - høyring av framforhandla intensjonsavtale med Gulen
032/2016	Trafikksikringsstiltak - forlenging av fortau sør for Sandnes skule
033/2016	132 kV kraftleidning Dalsbotn fjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, høyring av tilleggssøknad
034/2016	Referatsak
035/2016	Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd - eigedomsskattepliktige eigedommar i Masfjorden kommune

**028/2016: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 028/2016 VEDTAK:**

Innkalling og sakliste vert godkjend

---

**029/2016: Godkjenning av møtebok**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Møtebok vert godkjend.

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 029/2016 VEDTAK:**

Møtebok vert godkjend.

---

## **030/2016: Intensjonsavtale for ny kommune - Nordhordland kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.
- Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.

### **16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte og saka vart drøfta.

Formannskapet ønska at begge avtalane vart trykt opp og delt ut til alle husstandane i kommunen før folkemøta.

Formannskapet ønska og å vere med på tilbodet om å utabeide ein brosjyre for ein eventuell storkommune.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - 030/2016 VEDTAK:**

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen Nordhordland kommune versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.
  - Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.
-

## **031/2016: Kommunereform - høyring av framforhandla intensjonsavtale med Gulen**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring – med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**
- Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

### **16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Formannskapet samla seg om følgjande endring i siste del av pkt 6:

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg **skal kan** tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggast til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune **skal kan** ein legge tenester knytt til m.a. **helse**/barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 **med endring**.  
- der tekst merka gult skal leggast til og tekst merka raudt skal strykast.

### Røysting:

Framlegg til vedtak med endringane gjort greie for over vart samrøystes vedteke.

### **FS - 031/2016 VEDTAK:**

- Kommunestyret i Masfjorden legg intensjonsavtalen med Gulen kommune, versjon 1.0 datert 1.mars 2016 ut på høyring med desse endringane:**

Til dagens Masfjorden kommune skal ein legge klare kommunehustenester knytt til kolonne 2 i vedlegg 1 (oppgåver som i hovudsak skal løysast på kommunehuset). I tillegg kan tenester knytt til m.a. økonomi, som er definert i kolonne 4 i vedlegg 1 leggast til Masfjorden.

Til dagens Gulen kommune kan ein legge tenester knytt til m.a. barnevern/PPT/PU o.l. kultur og tekniske tenester, som er definert i kolonne 3 og 4 i vedlegg 1 med endring.

**– med høyringsfrist 10.april '16, og ein legg opp til sak i Kommunestyret i april 2016 kor ein spissar alternativa som vert lagt til grunn for folkeavrøysting den 23.mai 2016.**

**Kommunen vil i høyringsperioden gjennomføre folkemøter den 4.april '16 på Nordbygda skule, 5.april '16 Matre skule og 6.april '16 Sandnes skule, alle kl. 19-21.**

---

**032/2016: Trafikksikringsstiltak - forlenging av fortau sør for Sandnes skule**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Det vert løyvd krone 75.000,- til trafikksikringstiltak sør for Sandnes skule. Midlane vert å ta frå fond.**

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 032/2016 VEDTAK:**

**Det vert løyvd krone 75.000,- til trafikksikringstiltak sør for Sandnes skule. Midlane vert å ta frå fond.**

---

**033/2016: 132 kV kraftleidning Dalsbotn fjellet vindkraftverk - Frøyset transformatorstasjon, høyring av tilleggssøknad**

**Rådmannen sitt framlegg:**

Masfjorden kommune viser til tilleggssøknaden og meiner at traséalternativ 3 samla sett er betre enn dei to andre alternativa som er omsøkt. Det vert vektlagt spesielt at dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastelielva ikkje vil verta berørt av dette alternativet.

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort.

Geir Egil Haugsvær sette fram følgjande framlegg til tillegg:

.. og at utifrå ein landskapsvurdering ser ein at plasseringa like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevelinga i dette området.

Saka vart drøfta og ein kom samla fram til følgjande tillegg til vedlegg:

Masfjorden kommune meiner at plasseringa ut frå ei landskapsvurdering like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevelinga i dette området. Ein ber difor om at linja vert trekt lenger ned i terrenget på nordsida av Storenova.

Framlegg til vedtak med tillegg vart samrøystes vedteke.

**FS - 033/2016 VEDTAK:**

Masfjorden kommune viser til tilleggssøknaden og meiner at traséalternativ 3 samla sett er betre enn dei to andre alternativa som er omsøkt. Det vert vektlagt spesielt at dei produktive areala i Myrdalen og langs Bastelielva ikkje vil verta berørt av dette alternativet.

Masfjorden kommune meiner at plasseringa ut frå ei landskapsvurdering like ved toppen av Storenova vil vera uheldig for friluftslivet og for landskapsopplevelinga i dette området. Ein ber difor om at linja vert trekt lenger ned i terrenget på nordsida av Storenova.

---

## **034/2016: Referatsak**

### **Rådmannen sitt framlegg:**

Referatsaker vert tekne til orientering

### **16.03.2016 FORMANNSKAPET**

#### Referatsak:

- Referat Su for NH 22.02.16

#### Drøfting:

Den praktiske gjennomføringa av folkerøystinga 23.05.16 var drøfta av valstyret. Det vart bestemt følgjande for førehandsrøystingsperioden:

Der er vedteke at det skal vere førehandsrøysting i perioden 9.mai til 20.mai. Det bør vere høve til å førehandsrøyste:

- på kommunehuset alle arbeidsdagar (16.mai – 2.pinsedag og 17.mai går ut) mellom 09:00 – 15:00
- på sjukeheimen (primært for brukarar) tir 10.mai mellom 10:00 – 12:00
- på biblioteket på Hosteland tir 10.mai i biblioteket si opningstid 13:00 – 19:00
- på kommunehuset ons 11.mai til 09:00 - 19:30
- på biblioteket på Matre tor 12.mai i biblioteket si opningstid 13:00 – 18:30
- butikkane på Haugsvær, Kvingo og Hosteland fred 20.mai frå ca 12 og fram til stengetid.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **FS - 034/2016 VEDTAK:**

Referatsaker vert tekne til orientering.

---

**035/2016: Takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd -  
eigedomsskattepliktige eigedommar i Masfjorden kommune**

**Rådmannen sitt framlegg:**

**Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd –  
eigedomsskattepliktige eigedomar i Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i  
saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.**

**16.03.2016 FORMANNSKAPET**

Ordførar Karstein Totland orienterte kort og saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

**FS - 035/2016 VEDTAK:**

**Framlegg til takstvedtekter for sakkunning nemnd og sakkunning klagenemnd –  
eigedomsskattepliktige eigedomar i Masfjorden kommune vert vedtatt slik dei ligg føre i  
saksvedlegget, og legg føringa på det formelle takseringsarbeidet i kommunen.**

---

**Rett utskrift av møteprotokoll frå formannskapet 16.03.16 vert vitna:**

---

Karstein Totland  
ordførar

---

Torill Torsvik Størkersen  
varaordførar